

Geitahuset

Huset vart bygt i slutten av 1930- åra som geitahus og naust. Det er grindbygg med 3 stk grinder. Fyrste høgda er reisverk. Det kom steinskreda ned på taket for ein del år sidan. Ein stor stein gjekk gjennom taket.

Merke etter geite båsane kan du enno sjå i båe høgdene. Geitene er fjellklatrarar og fann seg beite i dei bratte fjellsidene innom her.

Inni Osa vart det ogso drive stort med geiter, men i dag er alle geiter borte.

Inni huset er det lagra ein del gamle hestereiskapar, som stolkjerra, tymberslede m/ geit m.m.



Bilvegen til Osa

Den tyske okkupasjonsmakta sette i gong vegbygginga i 1941, men fekk ikkje gjort vegen ferdig. Fyrst i 1950 åra vart vegen farande inn til Sævartveitlandet, og noko seinare heilt inn.

Vegen vart bygt utan maskiner, men med sveitte og handmakt.

Spade, spett og sleggja var viktig reiskap. Trillebane med skinner og steinvogga og handdrivne heisekranar var vel det mest avanserte utstyret.

Men sjå kor flott vegen vart ! Særleg dei fine gråsteinsmurane er imponerande ! Tungtransport under kraftutbygginga i 1974- 80 åra og seinare – murane har halde! Her er det utført handverk av beste slag.



Øydvinstod Kultursti



Øydvin Gard 2008
www.oydvin-gard.no



Orientering – til alle som ynskjer å gå kulturstien:

Stien gjeng i varierende tereng, grusveg, grasmark og some stader litt ulent.
Ta på høvelege sko!

På kartet her har me prøvt å markera kor god vegen er:

=====	Bilveg
= = = =	Traktorveg
-----	Gangveg
-----	Sti for dei spreke

Me ber alle om å halda seg til vegane.
Lat att alle grindar som står attletne.
Alle går på eige ansvar ! God tur !

NB: Ta med kart

Grunneigarane.

Røykjanes

Namnet fortel at Osafjorden kan vera lunefull med vind.
Vinden, særleg sydausten, slår ned mellom fjella, og fjorden kan gå i røyk.
Det tryggaste er å halda seg på landjorda i slikt ver.
Grunnfjellet her er hardt og næringsfattig. Floraen ber preg av det.

Plante-vekst og liv er variert over eit relativt lite område.
Ein finn innslag av ulike plantesamfunn styrt av mange faktorar, som avtand frå sjø, jordråme, berggrunn, jordsmonn og tidlegare drift.
All marka her var slåttemark tidlegare.

Skogen som har vakse opp bær preg av blanding av ”pionertre” som bjørk, osp og selje, innplantning av gran og typiske edellauvskogsarter som lind og hassel. Denne variasjonen gir innslag av strandsone-vegetasjon som er fattig – med få arter så langt inne i fjordarmen, skygge- tålande lågartsamfunn med myske, meir fattige samfunn med smyle og gulaks, samt ved næringsrike vassig, meir høgstaudepreg med myrtistel og mjødukt.

Soppfloraen gir same inntrykk med funn av vanlege arter som kantarell, steinsopp og skrubbe. Av sjeldne arter er det funne Hasselskrubb(*Leccinum pseudoscaber*) og Beltebrunpigg (*Hydnellum conrescens*).

Fiske i fjorden er tilgjenge for alle.
Her kan du få dei fleste av dei vanlege sjøfiskane i Norge:
S.t.d. torsk, lyr, sjøaure, laks, steinbit, flundra, ål, pigghå m.v.
Kobben (fjordsel) vil du ofte sjå på jakt etter mat.
Er du heldig vil du og sjå nisa (liten delfin) som er opp for å pusta.

Røykjanes er brukt til badeplass – men Osafjorden er djup og kald!

Den gamle gongevegen frå Osa til Øydvinstød.

Før denne gangvegen vart bygt, var sjøen eller over fjellet einaste sambandet til Osa. Men isproblem på fjorden gjorde at grenda var isolert lange bolkar. Då anlegget tok til i 1917, vart det trong for sikrare samband.

Ingeniør Berger i Osa Fossekompani stod for bygginga i 1918 og han fekk styremaktene med på at det skulle vera offentleg veg. Lensmannen i Ulvik hadde ansvaret for vedlikehaldet.

Då bilvegen til Osa vart bygt under siste verdskrigen (1940-45) vart det meste av denne vegen fjerna. Herifrå og 8-900 m innover ligg vegen tydeleg enno – om enn noko redusert. Lenger inne mot Osa (ca 2 km) finn me den att utanfor dei gamle tunellane. Nokre plasser vart vegen lagd på trestokkar over stupa ned i sjøen.

Dei store steinane som ligg i gongevegen og nokre uti sjøen, er etter bilvegbygginga til Osa. Oppi fjellskjeringa har dei ”brent” (sprengt) og då vart det ofte store steinar som rulla ned og vart liggjande her.

Osanaustæ

Namnet har dei frå den tid den eldste gongevegen for dei veglause grendene (Osa mv.) gjekk opp her. Vegen gjekk over Osafløten (oppå høgda) og vidare gjennom gamla gardstunet på Øydvæ og til Brakanes. Osafløten vart brukt til øvingsplass for det militære i området.

Nausta:

Nausta her er grindabygg (det ytste) eigar i dag er L. Øydvinn og det andre er laftebygg – eigar Olav T. Lekve.

Begge treng vølast !

Me vonar å få stønad til dette over prosjektet.

Røykjanesløypet

Her kom det ogso ned eit tymbersløype frå Kølgrovedalen lenger oppe i lia.

(Sjå om Sjøhageløype på tavla lenger ute)

.



Øydvinstód Kultursti

Gardsnamnet	Øyd	– eide mellom fjordane -
Øydvinn	-vinn	–grasmark/slett-
tyder		

Dei 4 hovedbruka på Øydvæ var baronigods under baroniet i Rosendal heilt fram til 1933. Brukarane var leigendingar. Men Sjøhagestykkjæ her nede i Øydvinstød var eigande.

Her hadde mange naustrettar, og det var utlagt tømmervelteplassar for grenda.

Den gamle bygdevegen frå Brakanes enda her. Ein arm gjekk ned til Øydvænauste og ein inn til handelsstaden.

Mange av gardane i grenda hadde utmarkseigedomar ved Osafjorden, også på andre sida av fjorden. Utmarka vart nytta til vedahogst, slått, lauvving m.v. Her var beite for husdyra og stolar i liene og fjellet.

Fjorden var dessutan den viktigaste transportvegen for mange.

Det gjorde at dei hadde trong for båtar og naust.

Alle nausta hadde lem over båtplassen for lagring av gras, lauv, ved m.v.

I dag vert ikkje utmarka langs fjorden brukt tradisjonelt lenger. Den viktigaste aktiviteten i dag er hjortejakt.

Diverre har fleire av nausta og båtanane forfalle.

Men i dag ser mange verdien i å ta vare på husa.

Tre av nausta er restaurerte med tilskot frå kulturmidlar, og andre er vølte privat.

Me vonar å få stønad til vøla av fleire hus.

Det som vel har gjort staden Øydvinstød mest kjend utanfor bygda er

Olav H. Hauge sitt dikt :

Han kom or fjellet, skulle heim

Fekk føring i frå Osa

Ut til Øydvinstød.

Og han var raust

og baud betal

Men Osamannen var ikkje fal.

Eg vil betala;

eg kan ikkje nå deg med ei beine att.

So gjer ein annan mann ei beine då,..

sa Osamannen og skauv i frå

Forsvarsanlegg frå siste verdskrigen 1940 – 45.

Ein sommardag i 1941 kom arbeidsgjengen til tyskarane til gards på Øydve og ville låna sag og øks. Dei trefte besten, Torbjørn, og han var snill som vanleg og let dei få låna.

Ei stund seinare såg me kraftig røyk stiga opp frå Sjøhagen.


Det meste av stykket var tilplanta med gran som var oml. 15-20 år gamal

Desse var no arbeidsgjengen i ferd med å hogga ned.

Dette var starten på eit stort forsvarsanlegg for tyskarane:

To store piggrådgjerde vart oppsette frå berget utom Kalvagjere og inn til berget oppom Røykjanes (omkr. 1 km.).

Dei gjekk parallelt og var omkr. 3 m breie og 1 ½ m høge og med 8-10 piggrådar og i tillegg tjukk gjerdestreng (sjå skissa)



Det vart ogso bygt 8-10 skyttargraver i området. Oppå høgda mot Øydve vart det oppsett ein kanonstilling. Ei skyttargrav ligg 30 m nordaust for tavla her, attom fura (den er i fylt).

Dei andre er fjerna, men ei ligg att.

Ho var nok størst og mest forseggjorde av alle.

Ho ligg oppå berget, Rauestijen, 150 m vestom her (sjå vegvisar).

Ta ein tur opp!

Her er to graver. Truleg var den øvste tenkt til kanonstilling.



Den villrosa som veks oppi skyttargrava i dag kan vera eit symbol på at anlegget aldri vart brukt, og at me etter fem lange, tunge år fekk freden og landet vårt attende.

Øydvinstód

Krambu med dampsskipskai, telefon og postkontor

Frå fyrst på 1900- talet var her handelsstad.

Særleg i samband med anleggstida i Osa 1917 – 23 vart staden eit viktig knutepunkt for samferdsla og kulturelt samkvem. Her var krambu, dampsskipssoppestad, telefonsentral og post.



Her samlast folk frå grendene rundt Osafjorden og Innabygdæ, særleg med helgane. Når brislingfiske stod på om sommaren låg masse båtar fortøya her. Den gamle bygdevegen frå Brakanes enda her.

Dei veglause grendene / gardane:

Osa hadde på det meste opp mot 80 fastbuande. Bagnstrønd (På andre sida av fjorden lenger ute) hadde om lag det same.

På Bagnstrønd hadde dei Strondavejen mellom gardane, men ellers laut dei i båt. I dag er grenda utan fastbuande. Begge stader var eigne skulekrinsar.

Garden **Sygnestveit** (over fjorden) hadde to bruk og om lag 10-12 fastbuande på det mesta. Jordbruksdrifta var geit og sau. Fjorden var viktigaste vegen, det var ein dårleg sti inn til Osa.

Meinsis på fjorden om vinteren var eit stort problem. Gamle Magnus (1872- 1951) gjekk på isen når stokken hans ikkje "slo" igjønno, men stundo drog dei båt med på isen.



Sjohageplasset

Oppunder skogen ligg to husamurar, løa og bustad. Det var òg ei mosstova (eldhus). På dei fleste gardar hadde dei slike husmannsplassar. Husmennene leigde ein jordfleck til å dyrka mat på, og for det laut dei arbeida på garden. Det var ofte mange ungar og tronge kår. Dei måtte ha attåt arbeid for å greia seg.



Mange av desse husmanns-familiane drog til Amerika. Siste husmannsfolka her var Oddmund Sveinsson Bolstad og kona Anna Magnustr. og borna Anna Maria, Magnus og Hans. Magnus og Hans tok etternamnet Øydvinn. Husa på plassen brann ned omkring 1900, og huslyden flytte til Hjeltne .

Sjohageløypet

Før i tida - måtte mest alt tømmer på sjøen for frakting vidare. I desse bratte liane var løyping vanleg. Dei faste løypeplassane vart rydda for stein og skog og var oftast eit lite dalføre. Stokkane vart sleppte ned løypa og tyngdekrafta overtok. Eller i dei brattaste løypa vart stokkane firte ned med veier. Fram til løypeplassane vart tømmeret drege med hest. Desse ”dragvegane” kan ein sjå enno mange stader i skogen som djupe lekjer i terrenget. Denne transportmåten tok slutt då traktorane etter kvart kom kring 1950 åra. Sjohageløypet kom ned her, og tømmeret vart frakta vidare på sjøen

Sagene ved Døgro.

Ute ved Døgro (Elva ute på andre sida) var det tidlegare to oppgangssager – ei på kvar side av elva. Dit vart mykje av tømmeret i stort området frakta. Murane etter sagene fortel industrihistorie.

Sjohageløo

Huset her vart bygt som utløa rett før siste verdskrigen. Her vart turrhøyet børe inn for lagring og seinare køyrt med hest heim til Øydve Det er eit av dei siste grindabygga som vart bygt (Sjå om grindabygg på neste tavla v/ nausta). No 65 år seinare tek fleire i bruk byggjemåten att.

I dag er huset påbygt og omgjort til utleiehytta, men grinda er den same



Fruktdyrking

Hardanger er det største fruktdyrkings-området i landet.

Dei lune, varme bakkane her gjev gode tilhøve for kravstor fruktdyrking. Golfstraumen er med og gjer det mogeleg her langt mot nord.

Dei bratte bakkane er ikkje laglege til anna jordbruksdrift. Epledyrking (lenger ute) er det mest av, men også pærer (innom her), plommer og morellar.

Tidlegare hadde alle bygder fruktlager der frukta vart sortert og pakka for vidare sal. No er det meste samla i eit stort felleslager på Utne – Hardanger Fjordfrukt.



Naustmiljøet

Området her nede er nedteikna på heradsplanen som verneverdig naustmiljø.

Det er to typar byggeskikkar som er brukt på desse nausta:



Grindabygg:

Mest brukt på Vestlandet. Og er noko eldre enn lafteteknikken i Norge, kan tidfestast heilt attende til 1500.

Kjem av konstruksjonen, grinda, som vart sett saman på bakken og reist opp 2–3 eller fleire. Nausta her har 3 stk grindar. Det vart brukt trenaglar til samanbindinga (sjå skissa).

Laftabygg :

Her vart tømmerstokkane lagde oppå kvarandre og tilhogne med not og fjør i hjørnene. Tyngda av stokkane heldt konstruksjonen saman.

Det salte sjøvatnet impregnerer trematerialane (den ljose grå fargen).

Dei fleste nausta er tekte med rastahedler. Store, tunge skifer-hedler som vart uttekne fleire stader i Hardanger t.d. ute ved Sollesnes og oppunder Vassfjøre og frakta med hest, taubane og båt.

Mange gamle tak i Ulvik og bygdene i kring har slike hedler.

Båtane

I nausta i Øydvinstød ligg framleis mange - over 20 stk. - gamle trebåtar.

Dei som har greie på trebåtar vil finna mange forskjellige variantar:

Dei fleste er Strandebarmar / Hardangerbåtar m/ tre bord, svært like Oselvarar.

Og alderen er frå 60 år til over 100.

Øydvæ og Haoheim hadde vårstølar Bortom; Øydvæsælæ og Brimmedalen.

Og Øydvæ hadde fjellstøl i Døgersdalen.



Dei mest spesielle bått ypane her er: To store kyrabåtar, som vart brukte til å frakta hestar og kyr over fjorden for to-tre mannsaldrar sidan. (Den eine ligg inni nausta her.) Det var plass til 6 kyr (små dyr), og det laut helst vera fira til å ro, to i kvar ende

Då stølinga i Døgersdalen tok slutt i 1880-90 åra, vart kyrne på bnr.5 rodde i ein slik båt til Eidfjord, dei fyrste åra !

Her inne ligg ogso to færingar – som var dei mest vanlege. Meir informasjon om båtane på oppslag inne.

Opna dørane og sjå, men hugs å lata godt att dørane!



Nauste her – Storanauste – vart restaurert i 2004-5, med mellom anna nylagt tak.

